



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
31.10.2013	65365/2013	Cecilie Flatnes

Saksnr	Utval	Møtedato
	Regional- og næringsutvalet	03.12.2013
	Fylkesrådmannens tilråding	
	Fylkesutvalet	27.01.2014

Høyring av forslag om videreutvikling av produksjons-avgrensningssystemet (MTB) innan lakseoppdrett

Bakgrunn

Fiskeri- og kystdepartementet har sendt ut ei høyring av forslag om videreutvikling av produksjonsavgrensningssystemet (MTB) for lakseoppdrett med frist 6. januar 2014.

Lakseoppdrett treng eit kontrollert avgrensningssystem, både for næringa sin eigen del og for samfunnet elles, mellom anna ut ifrå miljøomsyn. Havbruksnæringa har vore igjennom ulike produksjonsavgrensande tiltak. Systemet som vi har i dag, maksimalt tillatt biomasse (MTB), blei innført 1. januar 2005 etter forslag frå ei arbeidsgruppe representert av næring, forskning og forvaltning. Dagens MTB står for maksimalt tillatt biomasse. Det vil seie kor mykje fisk (fisketalet x kg) eit selskap kan ha i sjøen til ei kvar tid. MTB blir også brukt om kor mykje fisk eit selskap har lov til å ha på ein oppdrettslokalitet til ei kvar tid. Tidlegare var produksjonen avgrensa gjennom førkvoter og merdvolum (notvolum).

For å drive med lakseoppdrett i Noreg må ein ha konsesjonar og lokalitetar å drive på. Konsesjonar har selskapa fått eller kjøpt gjennom tidlegare tildelingsrundar eller kjøpt privat. Med dagens system utgjer ein konsesjon i alle fylker utanom Troms og Finnmark 780 tonn (780.000 kg) laks. Mange konsesjonar kan vere tilknytt kvar lokalitet for å få stordriftsfordeler og mindre arealbehov. Konsesjonane er ofte godkjent for inntil 6 lokalitetar kvar, slik at oppdrettar skal ha moglegheit for fleksibel produksjon gjennom året. Laksen blir sett ut som smolt på 50 -100 gram og slakta ved 4-5 kg. Kvar produksjonssyklus på ein lokalitet tek omlag eit til to år og blir avslutta av ein brakkleggingsperiode på to månader.

Mange lokalitetar her i fylket har ei produksjonsavgrensing på 3120 – 4680 tonn MTB. Ein vanleg lokalitet med 3120 tonn MTB kan ha omlag ein million individ laks på 3 kg og til samanlikning dersom laksen er 5 kg kan dei berre ha om lag 600.000 individ etter dagens produksjonsavgrensingar (MTB). Denne avgrensinga gjeld til ei kvar tid på lokaliteten. Dette blir kalla «lokalitets-MTB». Lokalitets- MTB blir bestemt gjennom fylkeskommunenenes sakshandsaming av akvakultursøknader. Den er nøye vurdert av Mattilsynet og Fylkesmannens miljøvernnavdeling før eit løyve kan innvilgast. Det er viktig at kvar lokalitet toler mengden fisk i forhold til utslepp og føring.

Konsern- MTB er eit oppdrettsfirma sin totale MTB i heile konsernet/selskapet, dvs. summen av alle konsesjonar/løyver dei har. Til dømes dersom ein har 10 konsesjonar er den totale konsern-MTB på 7800 tonn (10 stk x 780 tonn). Det blir brukt fleire lokaliteter gjerne i ulike områder for å stå sterkare mot rømmingsrisiko, sjukdom og lakselus. Det har dei siste åra skjedd ei større satsing på ulike produksjonsområder for å kunne samordne utsett- og brakkleggingsperiodar. For å få til dette trengs det fleire lokalitetar i ulike områder for å skape rasjonell drift.

Denne høyringa omfattar berre «konsern-MTB» (selskaps-MTB). Det er altså ikkje sjølv avgrensinga på kvar lokalitet som er på høyring, men kor mykje fisk selskapa kan produsere totalt som er ute til høyring. Overgang til rullerande MTB vil i følgje utgreiingane ikkje skape behov for fleire lokalitetar eller merder, men takast ut på eksisterande areal.


Ein løpande gjennomsnittleg MTB gir oppdretterane moglegheit til å ha mykje fisk i merdene i tider det er ugunstig å slakte. Det er gjennomsnitt-MTB for heile året som tel og MTB i den måneden ein er inne i blir samanlikna med dei siste 11 månader kontinuerleg.

Departementet ber om innspel på fire alternative innretningar av MTB-regimet:

1. 0 -alternativet kor ein fortset med dagens ordning.
2. Innføring av rullerande gjennomsnittleg MTB med same storleik på konsern-MTB som i dag (normalt 780 tonn, med unntak av Troms og Finnmark der ein matfiskkonsesjon til oppdrett av laks, aure eller regnbogeaure er på 945 tonn).
3. Innføring av rullerande gjennomsnittleg MTB med reduksjon i konsern-MTB som tilsvarar antatt auke i potensiell produksjon, t.d. 5 pst.
4. Valfritt for enkeltaktørar om dei vil fortsette med dagens ordning eller gå over til rullerande gjennomsnittleg MTB med reduksjon i konsern-MTB på t.d. 5 pst.

Vurdering

MTB regulerar ikkje produksjonen direkte. Kor mykje fisk ein oppdrettar klarer å produsere innafor tildelte konsern-MTB vil variere med mellom anna driftstilhøve, oppdrettars kunnskap, sjøtemperaturar og sjukdom. Laksen veks best på seinsommaren og hausten når sjøtemperaturen er høgast. Difor blir ofte ståande biomasse og utslakting størst om hausten (Fig.1).



Figur 1: Slaktet volum per måned januar 2010 t.o.m. august 2013 (Kilde: FHL, Akvafakta)

Det kan vere uheldig for lakseprisen dersom alle slakter samstundes. Dei fleste oppdrettarar ønskjer å ha størst mogleg mengde fisk i sjøen til ei kvar tid for å slakte ut tilveksten. Dei slaktar ut gjennom heile året, men mest om hausten. Det er ønskeleg å legge til rette for ein jamnare årleg produksjon for betre marknadstilpassing og jamnare råstofftilgang for slakteri og vidareforedling. Eventuell gjennomsnittleg rullerande MTB garanterar ikkje for dette, men aukar fleksibiliteten for å få det til.

Ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe utnemnt av departementet, har vurdert moglege måtar å vidareutvikle MTB-regimet, for å legge til rette for meir industriell og marknadsretta produksjon. Hovudkonklusjonen frå denne gruppa var at rullerande MTB gir ein fleksibilitet for lakseprodusentane som kan nyttast gjennom å slakte mykje om hausten, slakte jamt gjennom året, eller la være å slakte ut dersom det er ugunstige tider. Dei framhevar at ordninga med rullerande MTB vil være spesielt bra for bedrifter med vidareforedling og for mindre oppdrettarar.

I sjømatmeldinga, Meld. St. 22 (2012-2013), Verdens fremste sjømatnasjon, er MTB-regimet omtala på følgjande måte; « Regjeringen mener arbeidsgruppens rapport gir et godt grunnlag for vidareutvikling av MTB-regimet, men vil utrede de samfunnsøkonomiske konsekvensene og miljøeffektene av mulige måtar å utvikle MTB-regimet. Regjeringen legger til grunn at eventuelle justeringer i MTB-regimet i seg selv ikkje skal medføre kapasitetsøkning».

Som oppfølging av sjømatmeldinga fekk Kontali analyse og Sintef fiskeri og havbruk i oppgåve å utgreie følgjande; nivå på MTB som ikkje førar til auka produksjon, samfunnsøkonomiske konsekvensar og miljøkonsekvensar. Dei har stort sett same konklusjon som den hurtigarbeidande gruppa nedsett av departementet, men har meir fokus på at ein av konsekvensane kan bli miljøeffektar og volumvekst.

Drøfting

- Fordelane med dagens MTB-system er at næringa og forvaltninga har eit kontrollerbart system som har lagt fast over tid. Utad skaper det tillit til næringa ved at ein ser at mengden laks eit selskap har løyve til å produsere er kontrollerbar. At ein har eit MTB-system som er kontrollerbart og fungerer i praksis er heilt sentralt for å bygge tillit vidare både til havbruksforvaltninga og til næringa. Med dagens system treng ein ingen forskriftsendringar og det blir ikkje auka kostnader for forvaltninga. Næringa unngår kostnader som vil kunne komme som følgjer av driftsomlegging og tilpassing til eit justert regime.
- Næringa har store sesongmessige svingingar og ujamne produksjonsmønster som fører til dårlegare marknadstilpassing enn nødvendig gjennom ustabile leveransar. I tillegg kan det vere uheldig for lakseprisane, dersom alle slakter til same tid. Forslaget om rullerande MTB vil ifølgje Kontali analyse og Sintef gi auka fleksibilitet og betre marknadstilpassing for spesielt små aktørar og dei som driv med vidareforedling eller slakteri. Men vidareforedlingsanlegga for laks kan få meir råstoff på andre måtar, som til dømes gjennom nye tildelingsrundar av konsesjonar. Forslaget vil kunne stabilisere sysselsettinga for slike verksemder noko meir enn dagens situasjon.
- Det er verdt å merke seg at alle forslaga om rullerande gjennomsnittleg MTB viser auka mengd ståande fisk i andre halvår samanlikna med dagens regime. I følgje Sintef vil ein kunne rekne med at ståande biomasse andre halvår blir 50.000 – 90.000 tonn høgare totalt i Noreg. Det er i følgje Sintef ikkje grunnlag for å konkludere med auka belastning på utvandrande laksesmolt, men derimot på sjøauren som oppheld seg i fjordområder heile året. Dette er også noko som departementet tek opp i si vurdering, men dei viser til arbeidet kring berekraftsindikatorer som er sett i gang. Departementet konkluderar med at ei eventuell auke i lakseluspåslag på vill laksefisk som følgjer av auka biomasse i sjø, vil bli fanga opp av eit nytt system for kontroll med lakselus. Denne ordninga trer imidlertid ikkje i kraft før i 2015.
- Dersom ein skal gå inn på eit regime som kan gi auka fiskemengde i sjø som igjen kan føre til auka lusepåverknad på vill laks- og sjøaure, er det spesielt viktig at Fiskeridirektoratet kan kontrollere på ein tillitsvekkande måte kor mykje fisk selskapa disponerar. Sintef og Kontali konkluderar med at det for regulerings- og kontrollmyndigheitar ikkje vil vere vanskelegare å kontrollere rullerande gjennomsnittleg MTB enn dagens MTB. Dette bygger på ein føresetnad om at gjeldande MTB blir automatisk rekna ut, og at Fiskeridirektoratet kan kontrollere selskapa opp mot denne MTB på lik linje med dagens faste konsern-MTB. Fiskeridirektoratet, jf. vedlagt brev, deler ikkje arbeidsgruppa si vurdering av at forslaget om å la selskapsbiomassen bli regulert av ein rullerande gjennomsnitts MTB ikkje vil være vanskelegare å forholde seg til enn dagens MTB. Det er ikkje umogleg, men kompleksiteten vil auke. Det vil bli eit større databehov, faktisk dagleg, som er meir krevjande å kontrollere for kontrollmyndigheita.

Konklusjon

Det verkar underleg dersom ein gjennom dette forslaget kjem med konkrete idear som kan komplisere kontrollen med mengde oppdrettslaks. Næringa har i år møtt lakselusproblem med drastiske tiltak som utslakting i enkelte områder lengre nord. Luseproblemet er knytt opp mot mengde fisk, og er særlig stort i områder der avlusingsmidlar verkar dårlegare enn før. Med forslaget om rullerande MTB er det

sannsynleg jf. utgreiinga til Sintef og Kontali, at auka totalbiomasse langs kysten kan bli eit resultat særskilt om hausten. Dette kan føre til meir lus spesielt på sjøauren. Det er ikkje ønskjeleg med ein situasjon der det blir bygd opp lusemengder til vinteren med påfølgjande krevjande våravlusning før laksesmolten skal vandre ut om våren.

Vi har eit system som fungerer godt og som er mogleg å kontrollere. Det er eit viktig grunnlag for at vi skal kunne ha ei miljømessig berekraftig havbruksnæring. Det vil bli ei auka biomasse gjennom grønne løyver som vi mest truleg vil sjå effektar av i 2014. Dette vil då komme i tillegg til ein biomasseauke som følgjer av eventuell rullerande MTB.

Forslag til vedtak:

Fylkeskommunen tilrår at vi beheld dagens kontrollerbare MTB system inntil ein kan sannsynleggjere at rullerande MTB vil kunne bli forsvarleg kontrollert, vi viser og til at fleire fisk i sjøen om hausten vil kunne auke luseproblema.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Bergljot Landstad
regional- og næringssjef

Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 27.01.2014

Fylkeskommunen tilrår at vi beheld dagens kontrollerbare MTB system inntil ein kan sannsynleggjere at rullerande MTB vil kunne bli forsvarleg kontrollert, vi viser og til at fleire fisk i sjøen om hausten vil kunne auke luseproblema.